



Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark

Rapport til arbeidsgruppa for delprosjekt. Rapporten er eit ledd i ein planlagt prosess, og status i prosessen og konklusjon frå arbeidet så langt framgår under:

Kompetansebygging på kraftsaker



Arbeidsgruppe:

- Ketil Kiland (leiar), Fyresdal
- Sverre Sæter, Nissedal
- Olav Bjørn Bakken, Tokke
- Torunn Raftevoll Rue, Seljord
- Lothar Edel, Kviteseid
- Kjell Gunnar Heggnes (PL)

Referansegruppe:

- Rune Lødøen, Tinn
- Gry Åsne Aksvik, Vinje
- Terje Bakka, Telemark Utviklingsfond
- Hans Kristian Lehmann, tidlegare rådmann

Rapport skriven av:

Olav Bjørn Bakken, Tokke

Arbeidsgruppas innstilling

Stør konklusjonen i rapporten (s 7-8):

1. Vest-Telemark har eit godt system for forvaltning av konsesjonskraft som ein kan bygge vidare på og utvikle etter som marknaden krev det. Det bør gjerast ei nærare vurdering av om konsesjonskraftsavtala mellom Telemark fylkeskommune og kraftkommunane bør reforhandlast med tanke på å sikre ordninga ved ein ev regionreform.
2. Kontroll av eigedomsskattegrunnlaga frå SFS krev ein del kompetanse som kvar kommune bør ha sjølv. Om kommunen manglar slik kompetanse kan kommunen velje å kjøpe denne tenesta der kompetanse/kapasitet er å finne.
3. Med omsyn til taksering av overføringsanlegg for elektrisk kraft bør kommunane halde fram med å samarbeide om å kjøpe taksatorstestar, og sjølve ha god kompetanse på kva for takseringsprinsipp som skal nyttast og kunne formulere gode grunngjevingar for takstane. Arbeid med ny taksering for skatteåret 2018 bør starte opp så snart som råd i regi av økonomisjefsnettverket.
4. Gjennomføring av vilkårsrevisjonar og vassforvaltningsarbeid. Kommunar kan kjøpe inn kompetanse om ein finn det tenleg, men må også ha ein saksansvarleg i kommunen som fylgjer opp.
5. Konsesjonshandsaming av ny kraft – her gjeld det same som for vilkårsrevisjonar.
6. Det bør gjennomførast ei nærare utgreiing/forstudie av spørsmålet om å bygge opp eit kompetansemiljø på kraftsaker – til dømes knytt til FAUN Naturforvaltning i Fyresdal.

Referansegruppa:

- HVO/HTV stør arbeidsgruppas innstilling til rapporten.

Styringsgruppas konklusjon:

Vest-Telemark kan bygge opp konsesjonskraftkompetanse for heile Telemark, og tida er inne for å konkretisere dette ved å bygge på rapporten.

Ein ser for seg at alle kommunane i Vest-Telemark (Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje) jobber vidare for å konkretisere eit slik samarbeid – og ein vil også ta med Tinn og Hjartdal. Det føreligg forslag om å konkretisere eit vidare arbeid med forprosjekt, og Jon Kleiv vert pekt ut som prosjektansvarleg (PA) for å jobbe vidare med dette.

Notat

Vår ref
2017/306-1

Sakshandsamar:
Olav Bjørn Bakken,
35075219

Arkivkode:
S05

Dato:
20.02.2017

Til: Styringsgruppa

Frå: Arbeidsgruppe «Konsesjonskraft»

Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark, kompetansebygging på kraftsaker - rapport

Innleiing

Produksjon av elektrisk kraft er ei viktig inntektskjelde for kommunane i regionen, produksjonen inneber stor verdiskaping for samfunnet, det er gode lokale arbeidsplassar samstundes som kraftproduksjonen er største påverkar av vassdragsmiljøet i kommunane.

Dei ordningane som gjev vertskommunane del i den verdiskaping kraftproduksjon inneber er under stadig press. Staten og større bykommunar er på eigarsida av store delar av norsk vasskraftproduksjon – og har eigarinteresse av minst mogleg kompensasjon til vertskommunane. Vertskommunane må til ei kvar tid vera budde på å verne om kraftinntektene og forvalte desse på best mogleg måte.

Eit oversyn over storleiken på kraftinntektene i regionen ligg som vedlegg til rapporten.

Mandat

Vest-Telemarkrådet har sett ned ei arbeidsgruppe for å vurdere kompetansebygging på kraftsaker i regionen.

Arbeidsgruppa er leia av Ketil Kiland, og har desse medlemene: Olav Bjørn Bakken (Tokke), Torunn Raffevold Rue (Seljord), Lothar Edel (Kviteseid).

Kjell Gunnar Heggenes er prosjektleiar.

Mandatet er ikkje nærare avgrensa enn teksten i overskrifta, men arbeidsgruppa legg til grunn at kraftsaker i denne samanheng femner om:

- Eigedomsskatt frå kraftproduksjon og overføringsliner, dvs mesteparten av «Verk og bruk» kategorien – jf eigedomsskattelova § 3c.
- Forvaltning av konsesjonskraft (særavtalekraft inkl).
- Naturressursskatt og konsesjonsavgifter.
- Revisjon av konsesjonsvilkår for kraftverk i kombinasjon med vassforskrifta.
- Ny kraftutbygging, opprusting og utviding av eksisterande kraftverk.

Samandrag

Alle kommunar med kraftproduksjon bør ha kompetanse på kraftsaker. Til meir denne kunnskapen er spreidd og forankra både administrativt og politisk dess betre er

vertskommunar for kraftproduksjon rusta til å ta vare på sine interesser.

LVK (Landssamanslutninga av vasskraftkommunar) er det viktigaste interessefelleskap for kraftkommunar. Då dei viktigaste spørsmåla som gjeld kraftsakene vert avgjort av Storting og regjering må den primære strategien for å sikre kraftinteressene vera å slutte opp om LVK.

Arbeidsgruppa foreslår fylgjande for å sikre lokal kompetanse i kraftsaker:

1. Best mogleg kompetanse i kvar kommune gjennom god politikaropplæring og kursing av administrativt nykelpersonell.
2. Kjøp av tenestar etter timeprinsippet der kompetanse og kapasitet er tilgjengeleg – kompetansedeling mellom kommunane.
3. Bygge vidare på LVK sitt Eigedomsskatteutval (ESU-nettverket) som eit administrativt nettverk på kraftkompetanse generelt (kraftskattar, eigedomsskatt, vilkårsrevisjonar, vassforvaltningsplanarbeid og ny kraftproduksjon).
4. Vidareutvikle kompetansen på forvaltning av konsesjonskraft innanfor konsesjonskraftsavtala i Telemark (KKST)
5. Vest-Telemarkrådet som beredskapsorgan for politisk handling i kraftsaker.

I tillegg tilrår gruppa ei nærare vurdering av å etablere eit meir samla kompetansemiljø på kraftsaker – til dømes knytt til selskapet FAUN i Fyresdal.

Utanfor mandatet vil gruppa peike på at konsesjonskraftsavtala mellom Telemark fylkeskommune og kraftkommunane gjeng ut 31.12.2025. Eit nytt regionnivå vil kan hende ikkje ynskje å vidareføre avtala, og konsesjonskraftssamarbeidet bør vurdere å greie ut det juridiske handlingsromet med tanke på å sikre konsesjonskraftsinntektene for framtida.

Kort gjennomgang av dei ulike kraftsakene

1. Eigedomsskatt frå kraftverk

Eit større kraftverk strekkjer seg normalt over fleire kommunar – typisk ligg reguleringsmagasin(a) i ein annan kommune enn sjølve kraftverket. Kraftverk nedstraums i eit vassdrag har nytte av dei øvre reguleringar og må difor også betale dei ulike kraftskattane og avgiftene til kommunar som ligg ovanfor i vasstrengen.

NVE gjer vedtak om fordeling av kvar kommune sin lut av kraftinntektene i samband med konsesjonshandsaminga – og justerar dette ev seinare ved endringar.

Kvart kraftverk sender kvart år inn likning på eit nærare fastsett skjema til Sentralskattekontoret for storbedrifter i Moss (SFS), som så utarbeidar takstgrunnlaget for eigedomsskatten frå det enkelte kraftverk. Dette inneber at kommunane (eigedomsskattekontoret) berre treng multiplisere taksten med eigedomsskattesatsen (0,7 %) for å koma fram til den sum kraftverket skal betale.

Men her er særleg to moglege feilkjelder i dette «systemet». Kraftprodusentane kan rapportere inn feil rekneskapstal og SFS kan fastsetje eigedomsskattegrunnlaget på grunnlag av slike feil fordi dei ikkje kontrollerar dei tal kraftverka rapporterar inn godt nok. Ved ein kontroll gjort av LVK i 2012 vart

det avdekka manglande eigedomsskattegrunnlag på om lag 1 800 millionar kr. Også riksrevisjonen har funne feil ved fastsetjing av eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk.

Finansdepartementet har no sendt på høyring eit forslag om å gje kommunane innsyns- og klagerett i eigedomsskattesaker. Då får kommunane ein sterkare stilling i høve til å sikre kraftinntektene, men også ei utfordring med å kontrollere eigedomsskattegrunnlaget på kraftverk betre enn i dag – og ev utarbeide klage viss ein finn feil.

For å kontrollere eigedomsskattegrunnlaget må ein kjenne til kva ein skal krevje innsyn i og kunne kontrollere at kraftprodusentane sine tal er 'rimelege'.

Viktige problemstillingar knytt til eigedomsskatten frå kraftverk er i skrivande stund:

- a. Maks- og minimumstaket som LVK-kommunane arbeider for å få bort.
- b. Få på plass reglar (forskrift) for korleis kapitaliseringsrenta i eigedomsskattegrunnlaget skal bli fastsett.
- c. Innsyn- og klagerett for kommunane på eigedomsskattegrunnlaget (ny skatteforvaltningslov).

2. **Eigedomsskatt frå overføringsanlegg for elektrisk kraft – kraftlinjer, transformatorstasjonar og liknande.**

Overføringsanlegg for elektrisk kraft vert taksert etter ein annan metode enn kraftverk. Overføringsanlegg for elektrisk kraft vert taksert etter sin substansverdi – dvs. kva det ville koste å bygge anlegget i dag med frådrag for slit, elde og i kva grad det framleis er føremålstenleg. Normalt nyttar kommunane profesjonelle taksatorar til å taksere overføringsanlegg for elektrisk kraft. Ulike taksatorar kan nytte litt ulike metodar for å taksere – noko som fører til at eigedomsskattetakstane og tilhøyrande eigedomsskatt kan variere frå kommune til kommune. Særleg har Statnett peika på dette sidan dei har liner (sentralnettet) som gjeng gjennom fleire kommunar – og må svare ulik eigedomsskatt pr km line frå den eine kommunen til den andre.

I skrivande stund førebur LVK-sekretariatet ei sak for Høgsterett som gjeng ut på korleis overføringsanlegg for elektrisk kraft skal takserast. I denne saka ligg det også ei problemstilling i om domstolane kan overprøve takstnemndene sitt skjønn ved fastsetjing av eigedomsskatten. Statnett ynskjer at kraftliner vert nedskrive til null verdi medan LVK sitt standpunkt er at kraftliner har ein verdi og må svare eigedomsskatt så lenge overføringsanlegget for elektrisk kraft er i drift. LVK visar mellom anna til dei strenge krav som er for å halde kraftlinene vedlike.

Kommunal skattlegging av overføringsanlegg for elektrisk kraft er under press, og god kompetanse på regelverket i dei kommunale takstnemndene er viktig.

Neste gong overføringsanlegg for elektrisk kraft skal takserast i Vest-Telemark er i 2018, dvs. at taksering bør gjerast hausten 2017.

Økonomisjefsforumet bør ta hand om dette.

3. **Forvaltning av konsesjonskraft**

Alle kommunane i Vest-Telemark er tildelt konsesjonskraft – om lag 8 % av den samla kraftproduksjonen der det er reguleringsmagasin.

Småkraftverk og elvekraftverk leverar ikkje konsesjonskraft.

Tokke og Vinje kommunar får levert konsesjonskraft på særlege vilkår frå Tokke

og Haukeli kraftverk. Prisen på denne krafta er 20 % lågare enn anna tilsvarende konsesjonskraft – og omtalast til vanleg som særavtalekraft, og kjem i staden for konsesjonskraft.

Øvre grense for mengda konsesjonskraft som ein kommune får ta ut er det alminnelege straumforbruket i kommunen. Er kommunen tildelt meir konsesjonskraft enn det alminnelege forbruket har fylkeskommunen ein mellombels rett på denne konsesjonskrafta (kallast også overskytande konsesjonskraft).

I Vest-Telemark er Vinje, Tokke og Fyresdal tildelt meir konsesjonskraft enn forbruket i kommunen.

Kommunane i Vest-Telemark samt Hjartdal og Tinn har inngått ei samarbeidsavtale med Telemark fylkeskommune om å forvalte all konsesjonskraft og fordele gevinsten. Denne avtala gjeld minst fram til 31.12.2025, og kan seiast opp med 3 års varsel. Konsesjonskraftsstyret er ansvarleg for forvaltninga i medhald av avtala, og dette vurderast til å vere ei ordning som fungerer godt. Men region-reformer/samanslåing av fylke kan endre grunnlaget for avtala slik at ho ikkje vert forlenga i 2025.

Tokke og Vinje har førebels ikkje lagt forvaltning av konsesjonskraft til eige forbruk inn i dette samarbeidet, men lar Vest-Telemark kraftlag og Rauland Kraftlag forvalte denne krafta – som i praksis stort sett er særavtalekraft.

Ei særleg problemstilling når det gjeld konsesjonskraft er kva som kan skje om Telemark fylkeskommune vert del av ein større region. Ein ny region vil kan hende ynskje å endre eller avslutte avtala. LVK har gjort er utgreiing kring det juridiske rammeverket for kraftrettar ved ev samanslåing av fylkeskommunar. Det kan vere opning for at Telemarkskommunane etablerar ei meir varig ordning for samarbeid om forvaltning av konsesjonskraft.

4. Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftføretak, og er heimla i skattelova § 18-2. Skatten vert betala av det enkelte kraftverk, og vert rekna ut på grunnlag av gjennomsnittet av dei 7 siste års kraftproduksjon.

Naturressursskatten utgjer 1,1 øre/kWh til kommunen, og 0,2 øre/kWh til fylkeskommunen, og vert utjamna i inntektssystemet.

Det er ikkje særlege problemstillingar når det gjeld naturressursskatten ut over det faktum at den ikkje har vore inflasjonsjustert sidan 1998 – ei sak LVK jobbar med.

5. Konsesjonsavgifter

Konsesjonsavgifter reknast ut av NVE under konsesjonshandsaminga og justerast så kvart 5.år etter konsumprisindeksen. Den er lite problematisk for kommunane, men sjølve utrekninga er vanskeleg tilgjengeleg for andre enn hydrologar. Konsesjonsavgiftene skal kompensere for generelle miljøulempar ei vassdragsutbygging inneber samt gje kommunen ein del av dei verdiar som kraftproduksjonen skapar.

6. Revisjon av konsesjonsvilkår

Alle kraftanlegg har konsesjonar med vilkår som kan reviderast kvart 30. år. Det normale er at kommunen tek initiativ og søker NVE om opning av revisjonssak når tida er inne.

Primært er det miljøtilstanden i regulerte vassdrag som vilkårsrevisjonar skal

betre. Eit godt utgangspunkt er å vurdere korleis konsesjonsvilkåra ville vore om konsesjonen hadde vore gjeven på revisjonstidpunktet. Eit anna grunnlag er erfarte skader og ulemper som kraftproduksjonen har medført – og som ikkje var føresett på konsesjonstidspunktet.

Som utgangspunkt kan alle vilkår reviderast, men å oppnå betring av dei økonomiske vilkåra sit langt inne. Når dei store kraftutbyggingane fann stad hadde vatn ei lang næringshistorie med sagbruk, møllebruk, timmerhogst og fløyting. Kraftutbygginga reduserte potensiale for anna næringsverksemd knytt til vassressursane samstundes som kraftdistrikta var fattige område med mange arbeidslause anleggsarbeidarar etter at kraftutbyggingsperioden var over. Dette gjorde at storsamfunnet fann det rett å kompensere med mellom anna næringsfond og løpande kraftinntekter for å setje distriktet i stand til å utvikle anna næringsliv og arbeidsplassar. I dag vert kraftkommunane av mange sett på som rike og privilegerte, og storsamfunnet si vilje til å gje vertskommunane ytterlegare økonomiske gode i samband med vilkårsrevisjonar manglar. Privatrettslege spørsmål høyrer ikkje med i samband med revisjonar, slike er oppgjort på konsesjonstidspunktet.

NVE har utvikla eit sett med standardvilkår for naturforvaltning som vil bli innarbeida i alle revisjonar. Desse standardvilkåra gjev NVE og til dels fylkesmannen heimel for å gje ulike pålegg som har med miljø å gjere også utanom revisjonsintervalla.

7. Vassforskrifta – vassforvaltningsplanar

Vilkårsrevisjonsinstituttet er den viktigaste ordninga for å betre miljøtilstanden i regulerte vassdrag slik at måla og intensjonane i vassforskrifta vert stetta eller oppfylt. Arbeidet med vassforvaltning og revisjonssakene heng såleis til dels i saman.

8. Ny kraftproduksjon

Eit viktig tiltak i klimapolitikken er å få fram ny fornybar kraft. Styresmaktene har innført stimuleringstiltak/subsidiering av nye fornybare kilowatt ('grønne sertifikat').

Når det vert søkt om konsesjon for å bygge nye kraftverk eller utvide og ruste opp eksisterande kraftverk er kommunen høyringsinstans og må gjera ei sakshandsaming i høve til dette.

Kommunane kan her utnytte eit handlingsrom i høve til utbygger i form av utbyggingssavtaler der vertskommunen kan oppnå gode i tillegg til dei rettane som vassdragsreguleringslova og industrikonsesjonslova gjev dei rett på.

Eksisterende tiltak for å sikre kraftkompetanse

LVK har over tid registrert at kompetansen på kraftsakene har vorte dårlegare ute i kommunane. Dei røynde politikarane og administrativt tilsette har etter kvart slutta, og i ein hektisk kommunal kvardag er kompetanse i kraftspørsmål noko som vert prioritert ned. Kommunane har i for stor grad satsa på at LVK sentralt ordnar opp. Kraftsaker er også eit komplisert saksfelt som det tek tid å bli trygg på.

Arbeidet med å sikre inntekter og andre gode frå kraftproduksjon er primært ein politisk kamp mot det sentrale politiske miljø, der ein viktig del av striden kjempast gjennom partiorganisasjonane. Kunnskap om detaljane i dei spørsmål det er strid om er ofte avgjerande.

LVK arbeider for å spreie kompetanse og ser det som viktig at alle kraftkommunane har god kunnskap om kraftspørsmål. LVK satsar på:

- Politikaropplæring etter kommuneval.
- Kurs for eigedomsskattetakstnemnder.
- Energirettskulen og eigedomsskatteskulen.
- Regionkonferanser kvart 2. år.
- LVK sine landsmøte i forkant av kvart val.
- Årlege konsesjonskraftsseminar og eigedomsskatteseminar.
- Har etablert administrativt eigedomsskatteutval og nettverk (ESU).
- Har etablert administrativt energiutval og nettverk (EU).

Desse kraftsakene krev særleg kompetanse – og då helst i kvar kommune:

1. Forvaltning av konsesjonskraft
 - Sikre at kommunane får ut rett konsesjonskraftmengde til rett pris
 - selje krafta til best mogleg pris i marknaden.
2. Kontrollere eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk
 - vita kva for innsyn kommunen skal krevje
 - kunne forstå og tolke kraftselskapa si likning
 - kunne etterprøve SFS sine eigedomsskattegrunnlag
3. Gjennomføre takstarbeidet for overføringsanlegg for elektrisk kraft
 - engasjere rett taksator
 - kunne dei ulike takseringsprinsipp og rett bruk på overføringsanlegg
 - kunne grunngje dei ulike takstane godt nok (stutt grunngjeving).
4. Gjennomføre vilkårsrevisjon av kraftproduksjonskonsesjonar
 - sakshandsaming og prosessleiing for krav om opning av revisjonssak
 - natur/miljøfagleg kompetanse for å stille dei rette og relevante revisjonskrav
 - koordinere revisjonsarbeidet med forvaltningsplanen etter vassforskrifta.
5. Delta i konsesjonshandsaming for ny kraftproduksjon, og utviding og opprusting av eksisterande
 - kunnskap om regelverk og rettar/handlingsrom kommunane har i samband med ny konsesjonshandsaming

Nytt tiltak for å styrke kraftkompetansen i regionen

I tillegg til kommunane er det kraftkompetanse i kraftselskapa i regionen (VTK og RK), i konsesjonskraftsstyret sitt sekretariat og i selskapet FAUN Naturforvaltning AS.

Tokke, Vinje, Seljord, Kviteseid og Fyresdal kommunar har kjøpt tenester av FAUN i samband med vilkårsrevisjonssaker og i vassforvaltning.

Ein kan sjå for seg at den oppgåva konsesjonskraftsstyret sitt sekretariat gjer i dag kan leggest utanfor fylkeshuset i Skien. Det er også fleire kommunar i Telemark som er vertskommunar for kraftproduksjon, men som ikkje er med i konsesjonskrafts-samarbeidet. Dette gjeld særleg Drangedal, Nome og Notodden, men også Bø, Kragerø, Siljan og Skien.

Kommunane har også behov for å kjøpe tenestar på taksering av overføringsanlegg for elektrisk kraft. Då slik taksering berre vert gjennomført kvart 10.år, må ei taksator teneste på forretningsmessige vilkår operere på ein mykje større marknad enn berre Vest-Telemark.

Det kan såleis vere grunnlag for å bygge opp eit samla kompetansemiljø på kraftsaker – til dømes knytt til FAUN AS i Fyresdal, og som eit supplement til kommunane sin kompetanse.

Eit slikt miljø kunne då selje tenestar både til kommunane i Telemark og utanfor fylket.

Døme på tenesteområde kan vere:

- Taksator tenestar på overføringsanlegg for elektrisk kraft – ev også på eigedomsskatt meir generelt
- Forvaltning av konsesjonskraft – jf oppgåva konsesjonskraftsstyret har i dag
- Kvalitetssikring av eigedomsskattetakstgrunnlaget på kraftverk
- Bistå kommunane i vilkårsrevisjonar, vassforvaltningsplanar og ny/utvida kraftproduksjon.

Konklusjon med tilråding

1. Vest-Telemark har eit godt system for forvaltning av konsesjonskraft som ein kan bygge vidare på og utvikle etter som marknaden krev det.
Det bør gjerast ei nærare vurdering av om konsesjonskraftsavtala mellom Telemark fylkeskommune og kraftkommunane bør reforhandlast med tanke på å sikre ordninga ved ein ev regionreform.
2. Kontroll av eigedomsskattegrunnlaga frå SFS krev ein del kompetanse som kvar kommune bør ha sjølv. Om kommunen manglar slik kompetanse kan kommunen velje å kjøpe denne tenesta der kompetanse/kapasitet er å finne.
3. Med omsyn til taksering av overføringsanlegg for elektrisk kraft bør kommunane halde fram med å samarbeide om å kjøpe taksator tenestar, og sjølv ha god kompetanse på kva for takseringsprinsipp som skal nyttast og kunne formulere gode grunngevingar for takstane.
Arbeid med ny taksering for skatteåret 2018 bør starte opp så snart som råd i regi av økonomisjefsnettverket.
4. Gjennomføring av vilkårsrevisjonar og vassforvaltningsarbeid. Kommunar kan kjøpe inn kompetanse om ein finn det tenleg, men må også ha ein saksansvarleg i kommunen som fylgjer opp.
5. Konsesjonshandsaming av ny kraft – her gjeld det same som for vilkårsrevisjonar.
6. Det bør gjennomførast ei nærare utgreiing/forstudie av spørsmålet om det er godt nok marknadsmessig grunnlag for å bygge opp eit kompetansemiljø på kraftsaker i regionen – til dømes knytt til FAUN Naturforvaltning i Fyresdal.

Sal av konsesjonskraft	2013	2014	2015	2016
Seljord	kr 7 221 337	kr 7 017 168	kr 5 490 062	kr 3 909 763
Nissedal	kr 6 437 379	kr 6 503 152	kr 4 884 228	kr 3 076 150
Tokke	kr 17 359 234	kr 14 500 876	kr 8 254 869	kr 11 179 280
Vinje	kr 44 872 387	kr 34 198 000	kr 21 258 783	kr 28 623 114
Fyresdal	kr 9 835 546	kr 9 654 841	kr 7 441 435	kr 5 698 104
Kviteseid	kr 2 702 862	kr 2 340 699	kr 1 641 055	kr 1 570 466
SUM konsesjonskraftssal	kr 88 428 745	kr 74 214 736	kr 48 970 432	kr 54 056 877
Eigedomsskatt verk og bruk				
Seljord	kr 7 495 432	kr 7 971 607	kr 7 995 078	kr 8 271 816
Nissedal	kr 10 134 152	kr 10 380 608	kr 10 492 861	kr 10 105 898
Tokke	kr 42 385 350	kr 41 356 419	kr 40 337 198	kr 39 804 697
Vinje	kr 59 204 000	kr 59 950 000	kr 60 476 000	kr 61 249 000
Fyresdal	kr 9 677 418	kr 9 932 324	kr 9 673 544	kr 9 881 101
Kviteseid	kr 3 842 703	kr 3 499 318	kr 3 403 137	kr 3 479 834
SUM eigedomsskatt v&b	kr 132 739 055	kr 133 090 276	kr 132 377 818	kr 132 792 346
Naturressursskatt				
Seljord	kr 4 113 699	kr 4 457 513	kr 4 222 018	kr 4 325 451
Nissedal	kr 6 148 285	kr 6 171 957	kr 6 451 423	kr 6 048 251
Tokke	kr 22 574 266	kr 22 930 192	kr 24 027 563	kr 23 379 790
Vinje	kr 35 343 000	kr 35 672 000	kr 36 066 000	kr 36 207 000
Fyresdal	kr 5 516 037	kr 5 089 818	kr 5 474 053	kr 5 218 471
Kviteseid	kr 1 240 668	kr 1 215 514	kr 1 356 696	kr 1 342 253
SUM naturressursskatt	kr 74 935 955	kr 75 536 994	kr 77 597 753	kr 76 521 216
Konsesjonsavgifter				
Seljord	kr 1 780 771	kr 1 940 615	kr 2 009 745	kr 1 940 615
Nissedal	kr 1 399 924	kr 1 434 129	kr 1 437 732	kr 1 434 291
Tokke	kr 6 717 786	kr 7 282 818	kr 7 292 967	kr 7 321 538
Vinje	kr 24 006 000	kr 25 650 000	kr 25 746 000	kr 26 003 000
Fyresdal	kr 5 712 119	kr 5 952 671	kr 5 953 783	kr 5 953 783
Kviteseid	kr 1 338 828	kr 1 432 639	kr 1 403 929	kr 1 403 929
SUM konsesjonsavgifter	kr 40 955 428	kr 43 692 872	kr 43 844 156	kr 44 057 156
SUM i alt Vest-Telemark pr år	kr 337 059 183	kr 326 534 878	kr 302 790 159	kr 307 427 595
SUM alle kraftinntekter pr år pr kommune:				
	2013	2014	2015	2016
Seljord	kr 20 611 239	kr 21 386 903	kr 19 716 903	kr 18 447 645
Nissedal	kr 24 119 740	kr 24 489 846	kr 23 266 244	kr 20 664 590
Tokke	kr 89 036 636	kr 86 070 305	kr 79 912 597	kr 81 685 305
Vinje	kr 163 425 387	kr 155 470 000	kr 143 546 783	kr 152 082 114
Fyresdal	kr 30 741 120	kr 30 629 654	kr 28 542 815	kr 26 751 459
Kviteseid	kr 9 125 061	kr 8 488 170	kr 7 804 817	kr 7 796 482